Haldis Lauksund

Vår dato: 23.03.2020
Vår ref: 2018/2194 - 8489/2020 / 144
Dykkar ref:

Framlegg til ny kommunedelplan for skuleanlegg på høyring

Utval for oppvekst og kultur vedtok i møte 10.03.2020 – sak PS 8/2020 - å senda framlegg til Kommunedelplan for skulanlegg 2019-2027 ut til offentleg ettersyn med heimel i plan- og bygningslova § 11-12.

Kommunane har ansvar for grunnskuleopplæringa og skal sørgja for tenlege grunnskular. Kommunedelplan for skuleanlegg, skulebruksplanen, skal sikra ei planstyrt utvikling av skuleanlegga i Stord kommune. Planen er utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1.

Stord skal ha gode og likeverdige skuletilbod som fremjar helse, trivsel og utvikling for den einskilde, og medverkar til berekraftige og attraktive nærmiljø. Skulebruksplanen skal bidra til at denne målsettinga vert nådd.

Planen skal erstatta gjeldande skulebruksplan, vedteken 23.05.2013. I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, er frist for merknadar sett til 05.05.2020. Eventuelle merknadar skal sendast post@stord.kommune.no eller via kommunen si nettside.

Rektorar og styrarar må vidareformidla dette brevet med vedlegg til elevråd, foreldrearbeidsutval, skulemiljøutval og samarbeidsutval i sine einingar. De vil og finna denne informasjonen og høyringsutkastet på nettsida til kommunen: www.stord.kommune.no

Med helsing

Siri Marie Erland
skulefagleg rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift
Vedlegg:
1 Høyringsutkast Kommunedelplan for skuleanlegg 2019-2027
2 Særutskrift Kommunedelplan for skuleanlegg

Fagavdeling oppvekst
Postboks 304
5402 STORD
Rådhuset
post@stord.kommune.no
Telefon
53 40 96 93
Org.nr
939 866 914